



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2677 - 14/11566

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
22.10.2014

## Byggesak Gbnr 45/239 Manger - 4-mannsbustad m/garasje - søknad om løyve til tiltak - mellombels svar

Viser til søknad om oppføring av 4-mannsbustad m/garasje datert 23.09.2014. Saka er under handsaming. Søknaden er noko mangelfull, ber dykk ordne følgjande før søkanden kan handsamast vidare:

- Søknad om ansvarsrett for Lindås kommune er mangelfull. Det ligg føre to skjema for søknad om ansvarsrett, eit etter ny og eit etter gamal plan- og bygningslov. Det er i tillegg oppgitt to ulike firmanamn, med same organisasjonsnummer. Det må sendast inn ny søknad om ansvarsrett samt nytt vedlegg til søknad om ansvarsrett for lokal godkjenning.
- Det er søkt om overordna ansvar for prosjektering og utføring for Seim Bygg AS. Det er noko uklart kva som ikkje skal inngå i ansvarsrett for prosjektering då det også er søkt ansvarsrett for prosjektering for Dakark AS. Ber om at det vert sendt inn ein ny søknad om ansvarsrett for Seim Bygg AS som tydeleg gjer unntak for ansvarsområder som ikkje skal inngå i overordna ansvar, og ny ansvarsrett for Dakark AS som tydeleg viser kva områder som skal inngå i deira ansvar.
- Gjennomføringsplanen samsvarer ikkje med søknadene om ansvarsrettar. Ber om at det vert sendt inn ein ny og oppdatert gjennomføringsplan.
- Tilhøva rundt søknad om garasje er uklar. Ber om redegjering for om dette er ein legaliseringssak. Garasjen er ikkje nabovarsla.
- Heimelshavar av gbnr.45/239 har etter avtale med grunneigar vegrett over gbnr.45/432. På situasjonsplanen står dette området omtalt som «tomtegrense til tilleggsareal». Kommunen presiserer at dette er ein vegrett, ikkje ein eigedomsrett. Situasjonsplanen viser at det er lagt inn eit parkeringsareal på område for vegrett. Dette er ikkje i tråd med avtale. Ber ansvarleg søker om å sende inn ein ny og korrekt situasjonsplan kor dette er endra.
- Det er ikkje innhenta nabofråsegn frå eigar av eigedom gbnr.45/432. Byggesak i Radøy kommune har oversendt dette skjemaet til eigedomsavdelinga i kommunen på dykkar vegne.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM